



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 65

(2006–2007)

Rettferdsvederlag frå statskassa
(Om Stortinget si rettferdsvederlags-
ordning, arbeidet i rettferdsvederlags-
utvala m.m.)

Innhald

1	Stortinget si rettferdsvederlagsordning	5	2	Orientering om arbeidet i rettferdsvederlagsutvala	11
1.1	Innhaldet i stortingsproposisjonen ...	5	2.1	Årsmeldingar frå rettferdsvederlagsutvala	11
1.2	Rettferdsvederlagsordninga – historie, organisering og prinsipp for tildeling	5	2.2	Orientering om arbeidet i Rettferdsvederlagsutvalet i 2004, 2005 og fram til 1.4.2006	12
1.2.1	Bakgrunnen for og utviklinga av rettferdsvederlagsordninga	5	2.3	Orientering om arbeidet i rettferdsvederlagsutvala frå 1.4.2006 til 31.12.2006	12
1.2.2	Organiseringa som gjeld i dag	6	3	Saksbehandlingstid i rettferdsvederlagssaker	12
1.2.2.1	Stortinget og Stortinget sine rettferdsvederlagsutval	6	3.1	Utviding av rettferdsvederlagsordninga og auka saksbehandlingstid	12
1.2.2.2	Justissekretariata og faginstansane ..	6	3.2	Utfordringar knytte til saksbehandlinga i rettferdsvederlagssaker	13
1.3	Den førebuande saksbehandlinga	7	3.2.1	Nærmare om saksbehandlinga i fagetatane	13
1.4	Prinsipp for tildeling og utmåling av rettferdsvederlag	7	3.2.1.1	Utdanningsdirektoratet	13
1.4.1	Omsyn som ligg til grunn for rettferdsvederlagsordninga	7	3.2.1.2	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	14
1.4.2	Prinsipp for tildeling av rettferdsvederlag	8	3.2.1.3	Sosial- og helsedirektoratet	14
1.4.3	Forholdet til domstolane og andre kompensasjonsordningar	8	4	Einskildsaker der utbetalt vederlag kjem over kr 200 000 ..	15
1.4.4	Bevisvurdering	9	5	Miljøtiltak	16
1.4.5	Utmåling	9		Forslag til vedtak om rettferdsvederlag frå statskassa	17
1.5	Generelt om forelding av erstatningskrav retta mot det offentlege – tilhøvet til Stortinget si rettferdsvederlagsordning	9			
1.6	Om særordningar og bruken av desse	10			
1.7	Erstatningar etter andre ordningar administrerte av Justissekretariata ..	11			



St.prp. nr. 65

(2006–2007)

Rettferdsvederlag frå statskassa (Om Stortinget si rettferdsvederlagsordning, arbeidet i rettferdsvederlagsutvala m.m.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 11. mai 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Stortinget si rettferdsvederlagsordning

1.1 Innhaldet i stortingsproposisjonen

Stortinget si rettferdsvederlagsordning er Stortinget si eiga vederlagsordning, der einskildpersonar som har kome særleg uheldig ut, kan søkje om ein skjønsmessig kompensasjon. I proposisjonen blir det gitt ei orientering om ordninga. Det blir mellom anna gjort greie for prinsippa for tildeling av rettferdsvederlag og for korleis ordninga er organisert. Vidare blir det gitt ei utgreiing om arbeidet i rettferdsvederlagsutvala og om arbeidet i sekretariatet for utvala og i underliggjande fagetatar. Stortingsproposisjonen har vore lagd fram for Justissekretariata og Stortinget sine rettferdsvederlagsutval I og II.

Det er Stortinget sine rettferdsvederlagsutval som gjer vedtak i saker om rettferdsvederlag, men det er Stortinget som behandlar saker der det er aktuelt å tilkjenne ein kompensasjon på over kr 200 000 (med unntak av saker etter St.meld. nr. 24 der rettferdsvederlagsutvala er gitt fullmakt til å gi opp til kr 300 000), og saker av særleg politisk art.¹ I denne proposisjonen blir det lagt fram for Stortinget fem saker der det er aktuelt å tilkjenne rettferdsvederlag på over kr 200 000.

1.2 Rettferdsvederlagsordninga – historie, organisering og prinsipp for tildeling

1.2.1 Bakgrunnen for og utviklinga av rettferdsvederlagsordninga

Stortinget si rettferdsvederlagsordning er svært gammal, og vi kan sjå ordninga i samanheng med «andragender, søknader og bøneskriv» som einskildpersonar heilt sidan 1814 har fremja for Stortinget. Ut gjennom 1900-talet auka talet på søknader, og saksbehandlinga blei uoversiktleg. På bakgrunn av dette blei det i 1938 vedteke at alle saker skulle sendast over til Finansdepartementet, som etter å ha innhenta fråsegner frå fagdepartementa, la sakene fram for Stortinget i årlege stortingsproposisjonar.

Søknadsmengda auka ytterlegare, og i 1953 blei det oppretta eit utval (Rettferdsvederlagsutvalet) for å avgjere sakene i første instans, med høve til å klage til Stortinget. I 1972 blei det samordnande ansvaret for sakene overført til det dåverande Forbrukar- og administrasjonsdepartementet, og i 1981 til Justisdepartementet. Frå 1.1.2004 overtok Justissekretariata oppgåva som sekretariat for rettferdsvederlagsutvala.

I 1814 blei det behandla fire saker om rettferdsvederlag i Stortinget. I den første stortingsproposisjonen som blei fremja av Finansdepartementet i 1938, blei det fremja 19 saker. I åra 1947–1952 fekk Stortinget til saman 153 saker til behandling. Talet

¹ Jf. vedtak i Stortinget 26.10.1999, St.prp. nr. 72 (1998-1999) og Innst. S. nr. 4 (1999-2000).

på saker auka etter dette gradvis. I 1990 tok Justisdepartementet imot totalt 238 søknader, i 1995 kom det inn 682 søknader, og i 1998 hadde talet stige til ca. 1400. Etter dette kom det i 2000 inn 540 søknader til Justissekretariata, medan det i 2001 kom inn 532 søknader. Ei nærmare utgreiing om sakstilfang etter dette blir gitt under punkt 2.2.

I St.prp. nr. 72 (1998-1999), jf. Innst. S. nr. 4 (1999-2000), la den dåverande regjeringa fram ei vurdering av prinsippa bak og organiseringa av retttferdsvederlagsordninga. Justiskomiteen og Stortinget slutta seg til prinsippa for tildeling, avgrensingar og avvising av retttferdsvederlagssaker, jf. vedtak i Stortinget 26. oktober 1999. Vidare fekk regjeringa tilslutning til dei føreslåtte endringane i organiseringa av retttferdsvederlagsordninga, mellom anna blei høvet til å anke til Stortinget teke bort. Grunngevinga var at det blei halde for å vere lite heldig at Stortinget skulle behandle ei rad einskildsaker om retttferdsvederlag, jf. òg Innst. S. nr. 75 (1996-1997), der det heiter at «dette er ei oppgåve som ligg på sida av det som skal vere Stortinget sine arbeidsoppgåver». Justiskomiteen har også understreka at retttferdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning, og at det er viktig at avgjerdene blir tekne på grunnlag av eit folkeleg skjønn, meir enn på eit juridisk og regelbunde grunnlag, jf. Innst. S. nr. 4 (1999-2000).²

Stortinget si retttferdsvederlagsordning er fleire gonger blitt tilpassa eller utvida, sist då erstatningsordninga for krigsborn og erstatningsordningane for romanifolk/taterar og eldre utdanningsskadelidande samar og kvener, jf. St.meld. nr. 44 (2003-4004) og Inst. S. nr. 152 (2004-2005), og erstatningsordningane for born i barneheimar og spesialskular for born med åtferdsvanskar, jf. St.meld. nr. 24 (2004-2005) og Innst. S. nr. 217 (2004-2005), blei vedtekne våren 2005.³

Som følgje av auka sakstilfang blei det i 2005 oppretta eit nytt mellombels utval (Retttferdsvederlagsutval II), jf. Innst. S. nr. 64 (2005-2006) frå presidentskapen i Stortinget og vedtak i Stortinget 20.12.2005.

Figur 1.1 viser korleis retttferdsvederlagsordninga er organisert.


1.2.2 Organiseringa som gjeld i dag

1.2.2.1 Stortinget og Stortinget sine retttferdsvederlagsutval

Som nemnt ovanfor er det Retttferdsvederlagsutval I og II som tek avgjerd i retttferdsvederlagssaker.

² Prinsippa for retttferdsvederlagsordninga og organiseringa gjeld framleis. Sjå nærmare omtale under pkt. 1.2.2.

³ Sjå nærmare omtale under pkt. 3.1.



Figur 1.1

Det er ikkje høve til å klage på avgjerdene i utvala. Det er derimot Stortinget som behandlar saker der det er aktuelt å tilkjenne ein kompensasjon på over kr 200 000 (med unntak av saker etter St.meld. nr. 24 der retttferdsvederlagsutvala er gitt fullmakt til å gi opptil kr 300 000), saker av særleg politisk art som blir oversende frå utvala, og årsmeldinga for retttferdsvederlagsordninga. Gjennom behandlinga av årsmeldingane blir Stortinget halde orientert om utviklinga, og får høve til å kome med signal og synspunkt.⁴ Justiskomiteen uttalte i Innst. S. nr. 4 (1999-2000) at ein rekna med at saker av «særleg politisk art» i første rekkje kom til å dreie seg om saker der fleire fremjar samanliknbare søknader innanfor det same problemområdet, eventuelt om einskildsaker som reiser prinsippspørsmål som gjer det ønskjeleg med ei meir omfattande politisk behandling. Ingen slike saker har førebels vore lagde fram for Stortinget.

Retttferdsvederlagsutvala er oppretta av Stortinget, og har ein dommar med varamedlem og to stortingsrepresentantar med kvart sitt varamedlem, jf. Innst. S. nr. 64 (2005-2006).⁵ Tidlegare var det eit vilkår at dommaren fylte vilkåra for å vere høgsterettsdommar; no er det tilstrekkeleg at dommaren fyller vilkåra for å vere lagdommar eller tingrettsdommar.

1.2.2.2 Justissekretariata og faginstansane

Justissekretariata er i dag sekretariat for retttferdsvederlagsutvala,⁶ og søknader blir derfor sende

⁴ Jf. vedtak i Stortinget 26.10.1999, St.prp. nr. 72 (1998-1999) og Innst. S. nr. 4 (1999-2000).

⁵ Jf. vedtak i Stortinget 20.12.2005.

⁶ Justissekretariata er også sekretariat for Erstatningsnemnda for valdsoffer og for den rettsmedisinske kommisjonen. I tillegg behandlar Justissekretariata klager etter lov om fri retttshjelp og gjer vedtak i saker som gjeld erstatning knytt til straffeforfølgning, saker om tomtefeste og saker om stadfesting av testament. Justissekretariata hadde 34 medarbeidarar per 1.4.2007.

dit. Justissekretariata har ansvaret for den førebuarde saksbehandlinga – anten sjølve eller ved å koordinere saksbehandlinga i andre etatar. For søknader der grunnlaget for vederlag er mobbing av krigsborn og taterar/romanifolket, og for søknader der grunnlaget er personskade som følgje av straffbare handlingar utførte før valdsoffererstatningsforskrifta blei sett i kraft (1. januar 1975), særleg skade på grunn av seksuelle overgrep, blir heile saksførebuinga gjort av Justissekretariata. Søknader som er baserte på andre grunnlag, blir sende vidare til den aktuelle faginstansen, ofte til Utdanningsdirektoratet (udir), som mellom anna førebur søknader der det blir sett fram påstand om mangelfull utdanning, og til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (bufdir) der grunnlaga for søknadene gjerne er knytt til mellom anna barnevern (fosterheimar, barneheimar, manglande inngrep frå barnevernets side) og adopsjon. Sosial- og helsedirektoratet, (shdir) førebur søknader der grunnlaget mellom anna er påstått svikt i helsestellet. Kva fagorgan som behandlar søknaden, er altså avhengig av det konkrete grunnlaget som er gjort gjeldande for kvar einskild søknad om retttferdsvederlag. Ettersom retttferdsvederlagsordninga er basert på skjønn,⁷ kan søknadsgrunnlaget i prinsippet omfatte alle livsområde, og det kan derfor ikkje setjast opp noka uttømmende liste over aktuelle søknadsgrunnlag eller over aktuelle fagetatar som får saker til førebuing.

1.3 Den førebuarde saksbehandlinga

Justissekretariata skal gjennomgå søknaden innan ei veke etter han er komen inn, og søkjaren skal orienterast om kor lang saksbehandlingstida venteleg vil vere. I det same brevet blir det også etterspurt eventuell manglande dokumentasjon i saka. Ofte gjeld søknaden grunnlag som må utgreiast av fleire faginstansar. I desse sakene blir søknaden med vedlegg send over til dei aktuelle faginstansane for utgreiing. Saka blir arkivert til oppfølging på ein viss dato, i påvente av fråsegn(er) frå faginstans(ar) og eventuelle tilleggsopplysningar frå søkjaren. To månader før saksbehandlingstida som er oppgitt i brevet til søkjaren, går ut, blir faginstansen(-ane) purra. Ved behov sender sekretariata eit varsel til søkjaren om ny forventta saksbehandlingstid dersom saka enno ikkje er ferdigbehandla i faginstansen(-ane).^{8 9}

⁷ Sjå nærmare omtale under pkt. 1.4.

⁸ Varsel blir sendt til søkjaren to månader før saksbehandlingstida er omme.

Når fråsegn(er) frå faginstans(-ane) ligg føre, og andre nødvendige opplysningar i saka er skaffa fram, utarbeider Justissekretariata ei innstilling som blir send¹⁰ til førebuarde gjennomgang av dommarrepresentantane i Retttferdsvederlagsutval I eller II. Disse legg sakene fram for utvala og gjer vedtak i dei saman med stortingsrepresentantene. Møta deira blir haldne ca. éin gong i månaden. Etter at ei sak er avgjort, blir ho returnert til Justissekretariata, som syter for å sende ut vedtaket til søkjaren innan fire veker etter at utvalet avgjorde saka.

1.4 Prinsipp for tildeling og utmåling av retttferdsvederlag

1.4.1 Omsyn som ligg til grunn for retttferdsvederlagsordninga

Bakgrunnen for at retttferdsvederlagsordninga blei oppretta, var eit ønske om at personar som har kome særleg uheldig ut, kan søkje Stortinget om ein kompensasjon basert på skjønn. I somme tilfelle er det ønskjeleg å råde bot sjølv om ei sak er blitt forelda, og/eller at det kan vere vanskeleg å bevisje at dei allmenne vilkåra for erstatning er til stades.

Ordninga er meint som ei *oppreisning* for eit bestemt forhold, og skil seg dermed frå erstatningsretten, der siktemålet er å rette opp att skaden, det vil seie først og fremst å kompensere for det økonomiske tapet. Ordninga skil seg også frå sosial- og trygdeordningane, der siktemålet er å dekkje dei noverande behova til dei som har rett på stønad. Ordninga er basert på vurderingar som byggjer på reint skjønn, utan nokon formelle vilkår, og det gjer at ho kan tilpassast ulike søknadsgrunnlag. For å imøtekome ulike krav frå ulike grupper er retttferdsvederlagsordninga fleire gonger blitt tilpassa av Stortinget.

Retttferdsvederlagsordninga er meint som ein siste utveg for å oppnå ein økonomisk kompensasjon for skade eller tap. Det inneber at dersom vedkomande får dekt eit tap eller liknande gjennom andre ordningar, eller dersom det ligg føre rettsleg grunnlag for erstatning, så kan ein ikkje få retttferdsvederlag. Dette gjelder likevel ikkje fullt ut for saker etter St.meld. nr. 24, der retttferdsvederlagsutvala har vedteke at det kan bli søkt om retttferdsvederlag sjølv om det er motteke kommunal erstatning.

⁹ Justissekretariata har egne rutinar for purringar overfor vedkomande faginstans.

¹⁰ Utvala og sekretariata er i dag organiserte slik at ein fysisk sit ulike stader. Dermed unngår ein å kome i ein situasjon som kan innebere at det kan stillast spørsmål ved habiliteten til utvala.

ning. Retttferdsvederlagsordninga fungerer som ein trygginguventil, der ein person som har kome særleg uheldig ut, kan få ein kompensasjon dersom vedkomande ikkje har rettsleg krav på erstatning eller på annan måte får dekt tapet gjennom det offentlege systemet.

1.4.2 Prinsipp for tildeling av retttferdsvederlag

Eit retttferdsvederlag er ein kompensasjon som blir ytt på grunnlag av ei vurdering basert på skjønn, utan at det ligg føre noko rettsleg grunnlag for erstatningsansvar. Ingen har såleis noko rettsleg krav på ein slik kompensasjon. Retttferdsvederlagsordninga har i dag ingen foreldingsreglar, og grunnlaget for søknadene ligg ofte langt tilbake i tid, noko som gjer bevisvurderinga vanskeleg.

Ordninga byggjer på sedvane og er ikkje nærare regulert i formelle reglar. I den skjønnsmessige vurderinga blir tidlegare praksis i retttferdsvederlagsutvala i tilsvarende saker lagd til grunn. Ved vurderinga blir det lagt vesentleg vekt på om skaden har samanheng med kritikkverdige forhold som offentlege styresmakter er ansvarlege for, uavhengig av om det er tale om aktløyse som gir grunnlag for rett til erstatning. Det er likevel utarbeidd ein del tilpassingar av retttferdsvederlagsordninga der grunnprinsippa og avgrensingane i ordninga er utvida, jf. St.meld. nr. 44 (2003-2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener og St.meld. nr. 24 (2004-2005) Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar. Retttferdsvederlagsordninga er også tidlegare blitt tilpassa i forhold til andre krav frå ulike grupper, mellom andre tatarar, HIV-smitta, hepatitt C-smitta og lobotomerte.

Skade som følgje av naturkatastrofar, krigstilstand eller liknande blir som hovudregel ikkje kompensert etter ordninga. Heller ikkje tap etter ulykker og hendelege uhell blir til vanleg dekte. Det blir etter fast praksis ikkje gitt retttferdsvederlag på grunn av vanskelege oppvekstforhold eller sjukdom, med mindre det offentlege har hatt innverknad på det som har gått føre seg, og kan klandrast. Kriteriet om at skaden skal kunne tilbakeførast til det offentlege, blir likevel ikkje praktisert heilt konsekvent, for ein del sakstypar fell inn under retttferdsvederlagsordninga trass i at det offentlege ikkje kan klandrast. Det gjeld særleg personskadar som følgje av straffbare handlingar utførte før valdsoffererstatningsforskrifta blei sett i kraft (1. januar 1975), særleg skadar på grunn av seksuelle overgrep.

Retttferdsvederlagsordninga er etter praksis avgrensa mot følgjer av allmenne samfunnsproblem som gjeld mange personar i befolkninga. Til dømes gir ikkje byrde som følgje av generelt manglande kapasitet i det offentlege helsestellet grunnlag for retttferdsvederlag. Søknadene om vederlag etter den ordinære retttferdsvederlagsordninga blir vurderte opp mot det som var fagleg og politisk akseptert på den tida då den påståtte skaden eller ulempa oppstod. Det at ein i lys av seinare erfaring og kunnskap vurderer tidlegare lovgiving, politiske tiltak, behandlingsformer eller liknande annleis, kan derfor generelt sett ikkje danne grunnlag for vederlag. Tap som har si årsak i private rettsforhold, blir etter praksis heller ikkje kompenserte etter retttferdsvederlagsordninga. Det gjeld mellom anna tap som har med avtaleforhold å gjere, tap som følgjer av mangelfull forsikring, eller tap som har samanheng med verksemd eller oppførsel som generelt inneber ein risiko. Elles er det i utgangspunktet inga sakleg avgrensing når det gjeld kva ein kan søkje om retttferdsvederlag for. Alle saker der ein person hevdar å ha vore utsett for feil eller forsømmingar frå offentlege styresmakter si side, og der det ikkje ligg føre ein avvisingsgrunn, blir tekne til behandling. Men om søknaden blir imøtekommen eller ikkje, er altså avhengig av resultatet av ei konkret, skjønnsmessig vurdering. Retttferdsvederlag blir som hovudregel gitt til einskildpersonar, og berre til den som sjølv har kome uheldig ut. Berre unntaksvis blir det gitt vederlag til pårørande/etterlatne, og då berre dersom desse sjølve har lide eitt økonomisk tap.

1.4.3 Forholdet til domstolane og andre kompensasjonsordningar

Det blir i praksis ikkje ytt retttferdsvederlag i tilfelle der skaden eller ulempa er omfatta av allmenne erstatningsordningar eller av trygde- eller forsikringsordningar osv. Vederlaget er heller ikkje meint som eit korrektiv eller supplement til trygdeyttingar eller sosiale stønader osv.

Det blir halde for å vere lite tenleg å la retttferdsvederlagsordninga supplere område der styresmaktene positivt har vurdert det offentlege sitt erstatningsansvar, og der ein meiner at rettsstillinga til søkjaren er uttømmende regulert av gjeldande erstatningsordningar.¹¹ Det finst fleire etablerte erstatningsordningar, til dømes Norsk Pasi-

¹¹ Dette gjeld også i tilfelle der søkjaren ikkje har fått medhald i erstatningskravet sitt etter ordningane, eller der forholdet er forelda i forhold til dei aktuelle ordningane.

Tabell 1.1 Rettsferdsvederlag 2006

Sakstype/vederlagsbeløp	Avslag	1–	20 001–	50 001–	100 001–	150 001–
		20 000	50 000	100 000	150 000	200 000
<i>Alle sakstypar samla</i>	173	546	124	183	31	11
Talet på saker: 1068	(16 %)	(51 %)	(12 %)	(17 %)	(3 %)	(1 %)
<i>Ordinære rettsferdsvederlagssaker</i>	135	2	22	48	13	8
Talet på saker: 228	(59 %)	(1 %)	(10 %)	(21 %)	(6 %)	(4 %)
<i>Krigsborn</i>	25	449	65	37	9	0
Talet på saker: 585	(4 %)	(77 %)	(11 %)	(6 %)	(2 %)	(0 %)
<i>Romanifolk/taterar</i>	1	94	32	26	4	1
Talet på saker: 158	(1 %)	(59 %)	(20 %)	(16 %)	(3 %)	(1 %)
<i>Samar/kvener</i>	7	0	0	64	0	0
Talet på saker: 71	(10 %)	(0 %)	(0 %)	(90 %)	(0 %)	(0 %)
<i>Barneheimar/skular (St.meld. nr. 24)</i>	5	1	5	8	5	2
Talet på saker: 26	(19 %)	(4 %)	(19 %)	(31 %)	(19 %)	(8 %)

entskadeerstatning (NPE) og valdsoffererstatningsordninga.¹² Det er også oppretta ei rad særordningar (eigne skjønsmessige oppgjør), sjå nærmare omtale under pkt. 1.6.

Rettsferdsvederlagsordninga fungerer heller ikkje som eit fritt valt alternativ til domstolane og høvet til å reise rettsleg søksmål. Søknader som krev omfattande og kompliserte rettslege eller bevismessige vurderingar som naturleg høyrer inn under domstolane, blir i praksis avslått etter ordninga.¹³ Der søkjaren meiner å ha eit erstatningskrav som ikkje er forelda,¹⁴ blir det som hovudregel vist til at ein har høve til å reise søksmål, eller til at det er mogleg å fremje eit krav overfor den ansvarlege offentlege styresmakta utan at ein nødvendigvis lyt ta ut stemming.

1.4.4 Bevisvurdering

Rettsferdsvederlag kan ytast dersom det blir halde for å vere tilstrekkeleg sannsynleggjort at dei oppgitte forholda har skjedd, og dersom det er sannsynleg at forholda har påført søkjaren lidningar/tap av eit visst omfang. Det blir gjennomført ei fri bevisvurdering, og avgjerda blir teken på bakgrunn av dokumenta i saka. Fordi det store fleirtalet av rettsferdsvederlagssaker er gamle og gjeld forhold som er forelda, er det spesielle problem knytte til dokumentasjon, sjå nærmare omtale under kap. 3.2.

¹² Andre erstatningsordningar er erstatning etter straffeprosesslova og krigspensjon.

¹³ Der kravet har vore prøvd for domstolane utan at søkjaren har vunne fram, blir det som hovudregel ikkje gjort ei ny realitetsvurdering etter rettsferdsvederlagsordninga.

¹⁴ Nærmare om forelding under pkt.1.5.

1.4.5 Utmåling

Rettsferdsvederlaget tek ikkje sikte på å dekkje dei økonomiske tapa til søkjaren. Vederlaget er meint å vere ei «handsrekning», der beløpet blir utmålt etter ei skjønsmessig vurdering basert på kva som blir rekna som rimeleg. Rettsferdsvederlagsutvala har kompetanse til å yte rettsferdsvederlag på opptil kr 200 000 (med unntak av saker etter St.meld. nr. 24 der rettsferdsvederlagsutvala har fått fullmakt til å gi opptil kr 300 000). Vederlag som går ut over dette beløpet, må vedtakast av Stortinget, jf. St.prp. nr. 72 (1998-1999) og Innst. S. nr. 4 (1999-2000). I 2006 låg det løyvde beløpet i fleirtalet av dei ordinære rettsferdsvederlagssakene på mellom kr 20 000 og kr 100 000, sjå tabell 1.1.

1.5 Generelt om forelding av erstatningskrav retta mot det offentlege – tilhøvet til Stortinget si rettsferdsvederlagsordning

Eit nødvendig vilkår for at det ligg føre alminneleg erstatningsansvar¹⁵, er at ansvaret ikkje har falle bort som følge av forelding. I lov 18.05.1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer § 9 er det teke med ei særskild føresegn om forelding av krav på skadeerstatning.

Når eit krav er forelda, har den skadelidne ikkje lenger noko rettsleg krav på erstatning, og det klare utgangspunktet er då at staten heller ikkje utbetaler erstatning. Det kan hevdast at det offentlege, som andre eventuelt erstatningsansvarlege,

¹⁵ Eit særtrekk ved rettsferdsvederlagsordninga er at det ikkje ligg føre erstatningsansvar. Ordninga er meint som ein kompensasjon (eit vederlag) og ikkje som ei «erstatning» i den rettslege meininga av ordet.

på fritt grunnlag kan velje å sjå bort frå at eit krav er blitt forelda. Det er likevel ein del spesielle forhold som gjer seg gjeldande for det offentlege, sidan ein forvaltar midlar som tilhøyrrer fellesskapet. Dersom ein vel å sjå bort frå reglane om forelding, favoriserer ein altså nokon på vegner av fellesskapet. Ein bør derfor vere varsam med å sjå bort frå forelding, og det bør skje etter nokolunde einsarta retningslinjer for å unngå usakleg forskjellsbehandling.

Av kgl. res. 29.05.92, som gjaldt endring av reglane om erstatningskrav mot staten, gjekk det fram at vurderinga av om ein skal fråfalle foreldingsmotsegn, må skje ut frå ei konkret vurdering basert på skjønn, og at viktige moment i ein slik samanheng vil vere om den som set fram kravet, utan eiga skuld kjem til å lide eit tap dersom foreldingsmotsegna blir gjord gjeldande. Det vil også telje med om det offentlege kan klandrast for at kravet er blitt forelda. Sjølv om desse kriteria ikkje går uttrykkjeleg fram av kgl. res. 20.12.02, må den praksisen som kriteria i kgl. res. 29.05.92 gav retningslinjer for, framleis reknast som retningsgivande.

Også i samband med Stortinget si retttferdsvederlagsordning lyt ein ta omsyn til prinsippa om fråfall av foreldingsmotsegn. Denne ordninga etablerer ikkje noko rettsleg krav på *erstatning*; ho opnar berre for å gi eit vederlag. Spørsmålet om vederlag skal givast eller ikkje, og kor stort det eventuelle beløpet skal vere, blir vurdert etter rimeleg skjønn, jf. òg pkt. 1.4.2. Grunnkriteria for å kunne tilkjenne retttferdsvederlag er som tidligare nemnd at søkjaren har kome særleg uheldig ut i forhold til andre som er i ein tilsvarande situasjon, og/eller at det offentlege er å klandre for dei forholda søknaden byggjer på. Desse kriteria har element i seg som etter omstenda også gjer seg gjeldande ved vurderinga av om staten bør fråfalle foreldingsmotsegner. Det er likevel grunn til å understreke at ei av grunngevingane for retttferdsvederlagsordninga nettopp er å råde bot på at eit forhold er blitt forelda, og at det kan vere vanskeleg å bevise at dei allmenne vilkåra for erstatning er til stades.

Det at den subsidiære retttferdsvederlagsordninga allereie er nytta, kan i prinsippet ikkje avskjere eit seinare krav på erstatning etter allmenne erstatningsrettslege prinsipp, men at det er tilkjent retttferdsvederlag, kan vere eit moment i den skjønnsmessige vurderinga av om staten bør fråfalle foreldingsmotsegn.

Dersom staten fråfell foreldingsmotsegn i eit slikt tilfelle, og dei andre vilkåra for erstatning ligg føre, vil den skadelidne i utgangspunktet ha eit

rettsleg krav på å få dekt det fulle økonomiske tapet vedkomande har lide, med frådrag av det som allereie må reknast som tilkjent gjennom retttferdsvederlaget. Men dei allmenne erstatningsrettslege prinsippa krev at den skadelidne i alle høve må bevise at det offentlege kan klandrast for å ha gjort seg skuldig i aktløyse som gir grunnlag for erstatning, at den skadelidne er blitt påført eit erstatningsmessig tap, og at det er ein tilstrekkeleg nær og pårekleleg årsakssamanheng mellom tapet og aktløyse frå det offentlege si side.

1.6 Om særordningar og bruken av desse

I tillegg til den ordinære retttferdsvederlagsordninga har det ved fleire høve vore etablert særskilde vederlagsordningar for bestemte grupper. Særordningane skil seg ikkje i vesentleg grad frå den ordinære retttferdsvederlagsordninga, men staten har altså i somme tilfelle funne det rimeleg å gi ein kompensasjon til bestemte grupper.¹⁶ Skiljet er blitt endå meir utviska ved at retttferdsvederlagsordninga ved fleire høve er blitt tilpassa spesielle typar av krav.¹⁷

Det er etablert særskilde erstatningsordningar for norske jødar for den uretten dei og familiane deira blei utsette for under 2. verdskrigen, for nordmenn som sat i japansk fangenskap under 2. verdskrigen, for stråleskadde etter brystkreftbehandling ved Radiumhospitalet, for lobotomerte, for pionerdykkarar i Nordsjøen. For etterlatne etter forliset av Utvik senior og Mehamn-ulykka blei det etablert eigne erstatningsnemder.

Kven som har teke initiativet til dei særskilde erstatningsordningane, har variert, og ordningane har vore handterte på ulike måtar. Utgreiingane og administrasjonen har vore plassert under det departement ordningane naturleg har høyrte inn under. Justisdepartementet handterte i si tid erstatningsoppgjera til jødar og til nordmenn som sat i japansk fangenskap, ettersom desse erstatningsoppgjera ikkje har høyrte naturleg inn under noko anna departement.

Spørsmålet om ein skal kanalisere alle saker gjennom retttferdsvederlagsordninga i staden for å opprette særskilde erstatningsordningar, har tidlegare vore teke opp i Stortinget.¹⁸ I St.meld. nr. 44 (2003-2004)¹⁹ blei det som vedlegg lagt fram ein

¹⁶ Vilråa for å gi erstatning er ikkje oppfylte, men staten har under gitte omstende og etter ei vurdering basert på rimeleg skjønn kompensert for tap, skade eller ulempe. Det er ikkje gitt full kompensasjon for det aktuelle tapet.

¹⁷ Retttferdsvederlagsordninga er tidlegare tilpassa krav frå ulike grupper. Det gjeld taterar, HIV-smitta, hepatitt C-smitta, lobotomerte, krigsborn og samar/kvener.

rapport frå ei arbeidsgruppe som vurderte krav om erstatning frå ulike grupper i samfunnet. I denne rapporten heiter det:

«Stortingets billighetserstatningsordning bør anvendes på rimelighetsbaserte krav om individuelle erstatninger også for de krav som i dag ikke imøtekommes av ordningen. Gruppen har i den forbindelse funnet det riktig å vurdere den nærmere utformingen av denne ordningen [...]»

På bakgrunn av dette uttalte Justiskomiteen i Innst. S. nr. 152 (2004-2005) under punkt 2.2:

«Hensynet til dem som av ulike grunner ønsker å søke om en økonomisk kompensasjon for overgrep/overlast som de har vært utsatt for, tilsier at det bør være enkelt å finne frem til rette instans. Komiteen er derfor enig med departementet i at oppretting av flere særskilte erstatningsordninger er lite hensiktsmessig.»

Stortinget vedtok å opprette ei særskild nemnd ved behandlinga av rapporten frå kommisjonen som granska Mehamn-ulykka, jf. Innst. S. nr. 125 (2005-2006). Men ved behandlinga av denne saka uttalte Stortinget at framtidige saker først og fremst bør kanalisert gjennom rettfærdsvederlagsordninga, sjå Innst. S. nr. 125 (2006-2006) side 11. Regjeringa sluttar seg til dette synet.

1.7 Erstatningar etter andre ordningar administrerte av Justissekretariata

Justissekretariata har per i dag ikkje datatekniske løysingar som kan gi informasjon om kor mange det totalt er som søkjer om rettfærdsvederlag etter å ha fått avslag på søknad om erstatning etter andre ordningar administrerte av Justissekretariata. Justissekretariata har likevel erfaring for at det er relativt få som søkjer om rettfærdsvederlag i slike tilfelle. Men i dei tilfella der det blir søkt om rettfærdsvederlag etter at ein først har fått avslag på søknad etter ei anna ordning administrert av Justissekretariata, vil det gå fram av saksbehandlingssystemet at søkjaren har fremja søknad etter ei anna ordning tidlegare. For slike tilfelle er det innført rutinar for å unngå at den same saksbehandleren behandlar søknader frå den same søkjaren.

¹⁸ Stortinget behandla St.meld. nr. 44 (2003-2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener, med vedlegg, 4.4.2005, jf. Innst. S. nr. 152 (2004-2005).

¹⁹ St.meld. nr. 44 (2003-2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener, side 74 og utetter.

2 Orientering om arbeidet i rettfærdsvederlagsutvala

2.1 Årsmeldingar frå rettfærdsvederlagsutvala

Det går fram av vedtak i Stortinget 26.10.1999²⁰ at Stortinget skal haldast orientert²¹ om arbeidet i Rettfærdsvederlagsutvalet gjennom årsmeldinga for rettfærdsvederlagsordninga.²² I medhald av vedtak i Stortinget 20.12.2005 er det frå 1.4.2006 oppretta eit mellombels utval som skal fungere fram til 31.12.2008. I perioden 1.4.2006–31.12.2006 har det såleis vore to rettfærdsvederlagsutval, Rettfærdsvederlagsutval I og Rettfærdsvederlagsutval II.

Stortinget blei fram til 2003 orientert om arbeidet i Rettfærdsvederlagsutvalet gjennom stortingsmeldingar. Den siste orienteringa blei gitt i St.meld. nr. 20 (2003-2004).

I St.meld. nr. 44 (2003-2004)²³ blei det som vedlegg lagt fram ein rapport frå ei arbeidsgruppe som vurderte krav om erstatning frå ulike grupper i samfunnet. I rapporten blei det mellom anna føreslått at Rettfærdsvederlagsutvalet bør kunne sende innstillingar direkte til Stortinget, utan å gå vegen om regjeringa. Bakgrunnen for forslaget er at rettfærdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning, og at forslag om endringar, rapportar osv. prinsipielt sett ikkje er ei sak for regjeringa. Stortinget behandla meldinga med vedlegg 4.4.2005, jf. Innst. S. nr. 152 (2004-2005).²⁴

Etter dette har utvalet sendt rapportar om arbeidet i utvalet direkte til Stortinget, jf. orientering om det tidlegare arbeidet i utvalet i 2004, 2005 og fram til 1.4.2006.²⁵

Stortingets administrasjon har nyleg teke opp spørsmålet om korleis rapporteringa frå rettfærdsvederlagsutvala til Stortinget best kan skje, og Justisdepartementet meldte tilbake i brev datert 3.4.2007 mellom anna at ein var komen til at dei årlege meldingane burde leggjast fram av regjeringa. Arbeidet med denne stortingsproposisjonen har gitt grunn til å vurdere dette spørsmålet på nytt. Departementet vil no gjera ei ny vurdering av

²⁰ Jf. St.prp. nr. 72 (1998-1999) og Innst. S. nr. 4 (1999-2000).

²¹ Det er etter St.prp. nr. 72 (1998-1999) og Innst. S. nr. 4 (1999-2000) uklart om det er regjeringa som skal leggje fram årsmeldingane frå Rettfærdsvederlagsutvalet. Sjå likevel St.meld. nr. 44 (2004-2005), side 116.

²² Årsmelding frå Rettfærdsvederlagsutvalet.

²³ St.meld. nr. 44 (2003-2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener, side 74 og utetter.

²⁴ Jf. «Forhandlinger i Stortinget nr. 129».

²⁵ Innhaldet i årsmeldingane for 2004, 2005 og fram til 1.4.2006 er referert under pkt. 2.2.

rapporteringsordninga, der rapporteringa og den konstitusjonelle ansvarsfordelinga vil bli særleg vurdert. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med dette på ein høveleg måte, etter dialog med mellom andre rettsferdsvederlagsutvala.

2.2 Orientering om arbeidet i Rettsferdsvederlagsutvalet i 2004, 2005 og fram til 1.4.2006

I brev til presidentskapen i Stortinget av 13.6.2006 gav den tidlegare leiaren for Rettsferdsvederlagsutvalet ei orientering om arbeidet i utvalet i 2004, 2005 og fram til 1.4.2006. Det går fram av orienteringa at Rettsferdsvederlagsutval I i 2004 hadde fem møte og behandla 219 saker. Det blei gitt rettsferdsvederlag i 99 saker, med til saman kr 7 831 000. Vederlaget i kvar einskild sak låg på mellom kr 25 000 og kr 170 000.

I 2005 hadde Rettsferdsvederlagsutvalet seks møte og behandla 249 saker. Det blei gitt rettsferdsvederlag i 119 saker, med til saman kr 12 233 000. Vederlaget i kvar einskild sak låg på mellom kr 20 000 og kr 200 000.

I perioden 1.1.2006–1.4.2006 hadde Rettsferdsvederlagsutvalet to møte og behandla 138 saker. Det blei gitt rettsferdsvederlag i 50 saker, med til saman kr 4 510 000. Vederlaget i kvar einskild sak låg på mellom kr 25 000 og kr 200 000.

2.3 Orientering om arbeidet i rettsferdsvederlagsutvala frå 1.4.2006 til 31.12.2006

I 2006 behandla utvala saker om ordinært rettsferdsvederlag, saker som fell inn under St.meld. nr. 24 (2004-2005) Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar, og saker som fell inn under St.meld. nr. 44 (2003-4004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener.

Dei to rettsferdsvederlagsutvala avvikla i 2006 18 møte og behandla 1068 saker. Det blei gitt rettsferdsvederlag i 895 saker og utbetalt vederlag med i alt kr 19 879 432.

Vederlagsbeløpa i sakene låg på mellom kr 20 000 og kr 200 000. Dei fleste beløpa var i storleiksordenen kr 20 000 og var knytt til såkalla «udokumenterte søknader». Det var i hovudsak standardiserte vederlag til krigsbarn og tatarar som følgje av mobbing, og desse sakene utgjorde 61 % av alle sakene (546 saker) der det blei tilkjent rettsferdsvederlag. Vidare fekk 64 utdanningsskadelidende samar og kvener standardisert vederlag på kr 70 000.

3 Saksbehandlingstid i rettsferdsvederlagssaker


3.1 Utviding av rettsferdsvederlagsordninga og auka saksbehandlingstid

Våren 2005 blei rettsferdsvederlagsordninga monaleg utvida som følgje av St.meld. nr. 44 (2003-4004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener, jf. òg Innst. S. nr. 152 (2004-2005), og som følgje av St.meld. nr. 24 (2004-2005) Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar, jf. òg Innst. S. nr. 217 (2004-2005). I perioden 2000–2003 kom det inn om lag 500 søknader om ordinært rettsferdsvederlag per år. Talet på søknader auka frå 1423 i 2004 til 3012 i 2005, og minka i 2006, til 1726. Auken har samanheng med at St.meld. nr. 44 (2003-4004) og St.meld. nr. 24 (2004-2005) blei vedtekne. I 2006 fall 1346 søknader inn under dei nemnde ordningane, og dei utgjorde dermed 78 % av alle innkomne søknader. I 2005 låg det tilsvarende talet på 2120 (70,3 %). I 2004 var 281 søknader grunnleggjande i forhold knytte opp mot meldingane, som på det tidspunktet ikkje var vedtekne av Stortinget.

Som ei følgje av utvidinga av rettsferdsvederlagsordninga har saksbehandlingstida i slike saker auka. Før Stortinget utvida ordninga våren 2005 var det allereie lang saksbehandlingstid i rettsferdsvederlagssaker, og dei mange nye søknadene førte til at saksbehandlingstida blei endå lengre. På bakgrunn av dette blei det tilført monalege ressursar i fagetatar der saksbehandlingstida var særleg lang, og det blei også tilført ressursar til Justissekretariata.²⁶ Det blei då også vedteke å opprette eit nytt, mellombels rettsferdsvederlagsutval.²⁷

²⁶ Justissekretariata fekk i 2005 tilført ytterlegare fire årsverk frå Justisdepartementet. Sekretariata fekk i 2006 og 2007 tilført høvevis kr 919 000 og kr 2 890 600 frå Barne-, og likestillingsdepartementet. Frå Kunnskapsdepartementet fekk sekretariata elles tilført kr 1 000 000 både i 2006 og 2007. Sjå òg pkt. 3.2.1.1 og 3.2.1.2 om tilførsel til høvesvis Utdanningsdirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Det går fram av ein rapport av 29.9.2006 frå ei embetsmannsgruppe som skal sikre tilfredsstillande saksbehandlingstid i saker om vederlag etter Stortinget si rettsferdsvederlagsordning, at dei ansvarlege fagetatane er innforstått med at det er behov for ytterlegare tiltak, inkludert styrking i 2007, 2008 og eventuelt også 2009, jf. òg St.meld. nr. 44 (2003-2004), der det går fram at «etter som en større del krav foreslås kanalisert gjennom billighetserstatningsordningen, er det grunn til å anta at arbeidsgruppens forslag vil kunne innebære en viss styrking av Billighetserstatningsutvalgets sekretariat. I prinsippet vil det kunne skje ved en overføring av ressurser fra andre departementer.»

²⁷ Jf. vedtak i Stortinget 20.12.2005.



Figur 3.1

Våren 2007 hadde Justissekretariata om lag 4050 søknader som var under behandling i faginstansane, og/eller som låg i påvente av ytterlegare dokumentasjon frå søkjarane. Med så pass mange søknader under behandling er det avgjerande at ein har gode administrative rutinar. Justissekretariata etablerte hausten 2006 betre rutinar for å kunne sikre ei tilfredsstillande behandling av desse sakene, og vurderer heile tida ytterlegare forbetring av rutinane.

Justissekretariata har opplyst at saksbehandlingstida for saker som fullt ut vert behandla der, er om lag eitt år, om ein ser bort frå særskilt kompliserte saker.

3.2 Utfordringar knytte til saksbehandlinga i rettsferdsvederlagssaker

Saksbehandlingstida varierer etter kva slags sak det dreier seg om, og alt etter kompleksiteten i sakene. Somme søkjer også på fleire grunnlag, slik at søknaden blir behandla i fleire fagetatar. Trass i at saksbehandlinga når det gjeld eitt av grunnlaga er avslutta i éin fagetat, blir heile søknaden først behandla i Rettsferdsvederlagsutvalet når det ligg føre innstilling frå alle fagetatane. Saksbehandlingstida for heile saka vil såleis vere avhengig av kapasiteten og produksjonen i fleire instansar, og av kor omfattande dei ulike søknadsgrunnlaga er.

Mange søknader om rettsferdsvederlag inneheld ingen eller mangelfull dokumentasjon for dei påstandane søkjaren set fram. I tillegg kan søknadsgrunnlaget liggja svært langt tilbake i tid. Kvart einskilt fagdepartement med underliggjande etatar har likevel plikt til å syte for at saka blir så

godt opplyst som råd. Dette kompliserar naturleg nok saksbehandlinga og gjer ho tidkrevjande. Dokumentasjon og informasjon må hentast inn frå fleire offentlege instansar, private institusjonar²⁸ og einskildpersonar.

For å kunne skaffe fram dokumentasjon frå kommunale og andre offentlege arkiv, krevst det fullmakt frå søkjaren. Fram til no har førespurnad om fullmakt først vore send til søkjaren når søknaden er blitt send over til fagetaten.²⁹ I førespurnaden blir det opplyst om kva moment ein legg vekt på ved vurderinga av søknaden. Både førespurnaden om fullmakt og informasjon skal heretter givast til søkjaren i det brevet Justissekretariata sender til søkjaren, slik at det ikkje går endå meir tid til spille.³⁰ Både Justissekretariata og faginstansane arbeider kontinuerleg med å gjere saksbehandlingsrutinane betre.

3.2.1 Nærmare om saksbehandlinga i fagetatane

3.2.1.1 Utdanningsdirektoratet

Utdanningsdirektoratet behandlar søknader om rettsferdsvederlag innanfor eit breitt spekter av søknadsgrunnlag. Det er derfor stor variasjon i kor mykje arbeid som må gjerast med å hente inn dokumentasjon i kvar einskild sak. Generelle problem knytte til saksbehandlinga i rettsferdsveder-

²⁸ Det oppstår særlege problem ved innhenting av informasjon frå private institusjonar. Institusjonen kan vere nedlagd, og i mange tilfelle har journalføring og arkivering vore mangelfull.

²⁹ Det er Justissekretariata som tek imot søknaden og sender han vidare til fagetaten til førebuing og vurdering.

³⁰ I den grad det lèt seg gjere i forhold til forholda/søknadsgrunnlaget i den aktuelle saka.

lagssaker, jf. pkt. 3.2, fører òg til at saksbehandlingstida i mange saker er lang.

Utdanningsdirektoratet hadde hausten 2006 totalt ca. 2000 saker til førebunde behandling på området. Det er ein vesentleg auke frå tidlegare, og i hovudsak var årsaka dei to stortingsmeldingane på området, St.meld. nr. 44 (2003-2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener og St.meld. nr. 24 (2004-2005) Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar.

Hausten 2006 fordelte sakene seg slik på dei ulike saksområda:

– Samar/kvener (St.meld. nr. 44 (2003-2004))	ca. 1 000
– Spesialskuleelevar (St.meld. nr. 24 (2004-2005))	ca. 370
– Romanifolk (St.meld. nr. 44 (2003-2004))	ca. 138
– Rom	ca. 80
– Andre skulesaker	ca. 400

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var hausten 2006 ca. 24 månader.

For å redusere saksbehandlingstida blei saksbehandlarkapasiteten i Utdanningsdirektoratet på dette området i 2006 auka frå 2 til 15 årsverk. Sjølv om direktoratet har motteke endå fleire saker på området sidan hausten 2006, har den auka saksbehandlingskapasiteten redusert den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på området. Så fram det ikkje blir ein ytterlegare stor sakstilgang på området i tida framover, har direktoratet som mål at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida innan utgangen av 2008 skal vere halvert – til ca. 12 månader. Utdanningsdirektoratet uttaler at på grunn av talet på saker og omfanget av og kompleksiteten i sakene, må ei slik saksbehandlingstid reknast som tilfredsstillande.

Etter at saksbehandlingskapasiteten i Utdanningsdirektoratet blei styrkt hausten 2006, er sakene som gjeld samar og kvener, blitt prioriterte. Ca. 700 saker er ferdig behandla av direktoratet og sende over til Justissekretariata som innstillingar til vedtak. Per i dag ligg ca. 350 saker i påvente av behandling i direktoratet. Dei blir behandla i tur og orden. Dersom det i tida framover ikkje kjem inn svært mange nye slike saker, reknar ein med at alle sakene som gjeld samar og kvener, kjem til å vere ferdig behandla i Utdanningsdirektoratet innan utgangen av 2007.

Alle sakene som gjeld rom, er ferdig behandla.

Sakene som gjeld romanifolk, er under behandling, men saksbehandlinga er tidkrevjande. Grun-

nen er dels at det skjer mykje flytting kommunar imellom innanfor denne gruppa, slik at mange kommunar må kontaktast. Å skaffe fram dokumentasjon tek såleis mykje tid.

Andre saker, det vil seie spesialskulesaker og ordinære skulesaker som ikkje fell inn under St.meld. nr. 24, har det til felles at dei er omfattande og kompliserte.

3.2.1.2 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)

Dei rettsferdsvederlagsakene Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) avsluttar per i dag, blei motteke av Bufdir i oktober 2005. Det vil seie at Bufdir i dag har ei saksbehandlingstid på ca. ett og eit halvt år. Hovudårsaka til den lange saksbehandlingstida er den store mengda innkomne saker dei siste åra. Det vert vist til at det i 2005 og 2006 blei motteke høvevis 549 og 709 saker, mot tidligare ca. 100 saker per år. På bakgrunn av denne store auken i talet på saker, blei det sett inn auka ressursar til arbeidet med rettsferdsvederlagssaker i løpet av 2005 og 2006. Per no er det 16 personar som arbeidar med desse sakene i Bufdir (mot tidligare 2). På grunn av eit stadig høgt tal nye saker kvar månad, har det p.t. ikkje lukkast Bufdir å nå målsettinga om eitt års saksbehandlingstid.

Per 28.02.2007 hadde Bufdir 1202 saker om rettsferdsvederlag til behandling. Av desse er 350 komne inn i 2005 og 666 er komne inn i 2006. Se tabell 3.1.

For å nå målet om ett års saksbehandlingstid innan utgangen av året, må Bufdir behandle 1016 saker i løpet av inneverande år.

I arbeidet med tiltak for å oppnå raskare saksbehandling i saker som vert omfatta av Sortingsmelding 24 har Bufdir og Barne- og likestillingsdepartementet inngått en dialog med Justissekretariata og rettsferdsverdelagsutvala. Viss krava til dokumentasjon kan verta redusert vil saksbehandlinga gå raskare i desse sakene.

3.2.1.3 Sosial- og helsedirektoratet

Når det gjeld saksbehandlingstida i Sosial- og helsedirektoratet, opplyser direktoratet at ho er 231 dagar. Somme saker har likevel lenger saksbehandlingstid i påvente av prinsipielle avklaringar frå rett-

Tabell 3.1

Saker	2005	2006	2007	Sum
St.meld 24- saker	175	377	93	645
Andre saker	175	289	93	557
Sum	350	666	186	1202

ferdsvederlagsutvala, medan andre har kortare saksbehandlingstid, til dømes hepatitt C-saker.

Det har skjedd ei vesentleg dreining av rettsferdsvederlagssakene frå somatikk, psykiatri, feilbehandling og mangelfull behandling mot meir komplekse sosialsaker. Det heng mellom anna saman med St.meld. nr. 24 (2004-2005). Desse sakene er svært ressurskrevjande; ofte gjeld det overgrepssaker der kritikkverdige forhold under opphald på institusjon står sentralt.

Sosial- og helsedirektoratet har tidlegare rekna med at talet på rettsferdsvederlagssøknader innanfor deira fagansvar ville bli redusert etter at Norsk pasientskadeerstatning blei oppretta. Det har vist seg ikkje å stemme.

4 Einskildsaker der utbetalt vederlag kjem over kr 200 000

Rettsferdsvederlagsutval I har i fem saker tilrådd rettsferdsvederlag på over kr 200 000. Sakene blir derfor lagde fram for Stortinget til avgjerd.

Sak 1-4

Dei fire første sakene knyter seg i det alt vesentlege til det same grunnlaget og gjeld fire systre som alle har søkt om rettsferdsvederlag mellom anna fordi barnevernet lét vere å gripe inn då dei vaks opp. Systrene har hatt ein oppvekst prega av grov omsorgssvikt. Barnevernet blei tidleg kjent med forholda i heimen og sette heimen under tilsyn i 1955. Omsorga for dei eldste borna blei overteken av barnevernet i 1966, og for dei to yngste for ein kortare periode i 1968-69, då mor deira var sjuk. Støttetilnaka viste seg å ikkje gi borna tilstrekkeleg hjelp, og ifølgje Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) burde barnevernsnemnda ha overteke omsorga for borna tidlegare – kanskje før 1961.

Sjølv om sakene til dels er ulike, tilrådde Bufdir at systrene blei gitt eit likt rettsferdsvederlag på kr 90 000 på grunn av mangelfull oppfølging frå barnevernet si side. Rettsferdsvederlagsutvalet slutta seg til at det var grunnlag for å gi rettsferdsvederlag til systrene, men fann at vederlaget burde setjast til kr 120 000 – med tanke på kor lenge omsorgssvikten varte og det omfanget svikten hadde, og med tanke på dei følgjene det har hatt for søkjarane at det ikkje blei sett i verk tilstrekkelege støttetiltak tidlegare.

Det blir tilrådd å gi eit samla rettsferdsvederlag som kjem over kr 200 000, ettersom desse personane også har vore utsette for seksuelle overgrep

utførte av ein nærstående til den oppnemnde tilsynsføraren. Den oppgitte overgriparen er no død. Bevissituasjonen er noko ulik for dei fire systrene, og dei førebuande instansane har funne beviskravet oppfylt for to av søkjarane. Rettsferdsvederlagsutvalet har lagt nokså stor vekt på at opplysningane frå kvar einskild må sjåast i samheng med opplysningane frå dei andre i syskenflokket, og har derfor funne at alle fire har vore utsette for grove seksuelle overgrep. Idet ein viser til at dei grove overgrepa er utførte ved misbruk av tillit overfor born, og at dette har fått store skadeverknader for dei, tilrår utvalet at kvar av dei fire søkjarane får tildelt rettsferdsvederlag på dette grunnlaget med kr 120 000.

Ei av systrene har også søkt om rettsferdsvederlag for mangelfull skulegang. Utdanningsdirektoratet har med tilslutning frå Justissekretariata tilrådd at søkjaren får tildelt rettsferdsvederlag med kr 65 000 fordi det ikkje blei sett inn eigna tiltak mot det store fråveret vedkomande hadde frå undervisninga. Rettsferdsvederlagsutvalet er samd i at det er grunnlag for å gi vederlag, og idet ein viser til praksis, tilrår utvalet at vederlaget blir sett til kr 70 000.

Søkjarane har også teke opp andre forhold som utvalet ikkje har funne gir grunnlag for rettsferdsvederlag.

Rettsferdsvederlagsutvalet tilrår på bakgrunn av dette:

Søkjar A, fødd 1953, får rettsferdsvederlag frå statskassa med kr 240 000.

Søkjar B, fødd 1955, får rettsferdsvederlag frå statskassa med kr 310 000.

Søkjar C, fødd 1956, får rettsferdsvederlag frå statskassa med kr 240 000.

Søkjar D, fødd 1958, får rettsferdsvederlag frå statskassa med kr 240 000.

Sak 5

Søkjar E har søkt staten om rettsferdsvederlag på grunn av påført hepatitt C-virus (HCV) ved ein gulfebervaksinasjon i Pakistan i 1975. Rettsferdsvederlagsutvalet har behandla denne saka to gonger tidlegare, først i 2001 (BU nr. 305/2001), då det blei gitt kr 110 000, og seinare i 2004 (BU nr. 94/2004), då det blei gitt ytterlegare kr 90 000 fordi tilstanden til søkjaren var blitt forverra.

I samband med behandlinga i 2004 reiste Sosial- og helsedirektoratet spørsmålet om det burde givast ytterlegare vederlag, idet ein viste til likskapen med personar som var blitt påførte HIV-smitte etter blodoverføring. I slike saker kan

utvalet gi opptil kr 500 000. Retttferdsvederlagsutvalet la til grunn at sterke grunnar talte for å gi høgare vederlag, men gav vederlag opp til gjeldande maksimumsgrense. Føresetnaden var at behandlinga av saka skulle halde fram med utgreiing av nærmare oppgitte spørsmål før utvalet laga si tilråding til Stortinget om høgare vederlag, eventuelt fremja forslag om ny maksimumsgrense for utvalet.

Ei slik utgreiing ligg no føre ved ei fråsegn frå Sosial- og helsedirektoratet av 13.2.07. Fråsegna kom etter behandlinga av utgreiinga frå Hepatitt C-utvalet av 16.3.04 og etter at Helse- og omsorgsdepartementet i brev av 2.3.06 gjekk inn for at erstatningskrav baserte på eit rimeleg skjønn burde kanalisert gjennom retttferdsvederlagsordninga, og ikkje gjennom ei særordning, slik det var føreslått, jf. òg behandlinga i Stortinget på grunnlag av forslag om andre ordningar i Dok. nr. 8:77 (2005-2006) og Innst. S. nr. 181 (2005-2006). Retttferdsvederlagsutvalet legg dette til grunn.

Sosial- og helsedirektoratet har i si vurdering funne likskapspunkt mellom tilfelle av leverkreft som følgje av HCV/skrumplever som fører til leversvikt, og HIV-smitte som følgje av blodtransfusjon. Det går fram at det er nokre få av dei HCV-smitta som – ofte etter lang tid – får ei alvorleg utvikling av sjukdommen som kan ende i leverkreft eller annan leverskade som endar i leversvikt. Sjølv om nokre av dei kan hjelpast med levertransplantasjon, vil livskvaliteten og leveutsiktene – saman med krevjande behandling over lengre tid – gjere at situasjonen for desse personane må kunne samanliknast med situasjonen for dei HIV-smitta etter blodoverføring – slik forholda var då særreglane om utvida ramme for retttferdsvederlag til denne gruppa blei utforma. Retttferdsvederlagsutvalet er samd i denne vurderinga.

Utvalet legg til grunn at sjukdomsutviklinga ved HCV varierer, og at dei fleste søknadene om retttferdsvederlag vil kunne behandlast innanfor den eksisterande fullmaktsramma på kr 200 000. For den fåtalige gruppa der samanlikninga med HIV-ofra er særleg aktuell, er utvalet samd med direktoratet i at det er grunn til å ta omsyn til maksimumsbeløpet på kr 500 000 som etter praksis har vore nytta for HIV-smitta blødarar, medan det for andre har vore gitt noko lågare beløp. Det går fram av utgreiinga frå direktoratet at det også når det gjeld HCV er særleg krevjande å vere blødar, og at det også bør vurderast om andre grupper med grunnlidingar som kompliserer hepatitt C-infeksjonen, bør jamstellast med blødarane. For dei andre tilfella reknar ein eit maksimumsbeløp på kr 400 000

som høveleg. Det er dette sistnemnde som er relevant for søkere, som etter levertransplantasjon i 2002 har hatt store biverknader, og der også den transplanterte levra kan bli angripen.

Sosial- og helsedirektoratet og Justissekretariata har på bakgrunn av dette tilrådd at søkjar E får eit ytterlegare retttferdsvederlag på kr 200 000.

Retttferdsvederlagsutvalet tilrår på bakgrunn av dette:

Søkjar E får eit ytterlegare retttferdsvederlag frå statskassa på kr 200 000.

5 Miljøtiltak

I dei seinare åra er ein blitt stadig meir medviten om miljøkonsekvensane av statleg verksemd. Eit døme på dette er prosjektet Grøn stat, som har hatt som målsetjing å redusere miljøbelastninga frå staten si eiga verksemd. Miljøverndepartementet har utarbeidd ein rettleiar for Grøn stat som skal gi statlege verksemd eit godt grunnlag for å integrere miljøomsyn i eiga verksemd.

Handtering av avfall er eitt av fire viktige miljøområde som er vigde spesiell merksemd i prosjektet. Staten er storforbrukar av papir. Sft har gjort eit grovt overslag og har kome til at papirforbruket i staten kan reduserast med 10–20 % med enkle middel. Det vil utgjere mellom 120 og 240 millionar ark, det vil seie mellom 600 og 1200 tonn papir. Papirforbruket kan til dømes reduserast ved tosidig kopiering, ved tosidig utskrift og ved auka bruk av e-post og publisering via Internett.

Saker som blir behandla i retttferdsvederlagsutvala blir i dag oversende i papireksemplar. Fire eksemplar av innstillinga med vedlegg blir sende til det utvalet som skal behandle saka, medan to eksemplar blir sende til det andre utvalet til orientering. Justissekretariata tek sikte på å redusere papirforbruket i utvala ved å innføre elektronisk saksbehandling. Sakene kjem då i staden for i papirversjon til å bli sende til dei einskilde utvalmedlemmene på CD-ROM i lukka konvolutt, med alle vedlegg til søknadene. Til kvar CD-ROM kjem det til å bli knytt eit enkelt Word-passord eller andre typar av enkle passord. Leiarane av utvala kjem framleis til å få eit papirkopisett av vedlegga og innstillingane, i tillegg til at dei også tek imot eit eksemplar av kvar einskild sak på CD-ROM. Målet er at ein på sikt skal oversende alle vedlegg og innstillingar elektronisk, både til leiarane og til medlemmene.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
rettferdsvederlag frå statskassa

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om rettferdsvederlag frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om rettferdsvederlag frå statskassa

Stortinget samtykkjer i at desse søkjarane blir gitt rettferdsvederlag frå statskassa:

I

Søkjar A, fødd 1953, får rettferdsvederlag frå statskassa med kr 240 000.

Søkjar B, fødd 1955, får rettferdsvederlag frå statskassa med kr 310 000.

Søkjar C, fødd 1956, får rettferdsvederlag frå statskassa med kr 240 000.

Søkjar D, fødd 1958, får rettferdsvederlag frå statskassa med kr 240 000.

Søkjar E, fødd 1956, får eit ytterlegare rettferdsvederlag frå statskassa med kr 200 000.
